

# Gjennombrøt for selolje

Han veit kva som er fram og bak på ein hest, men der stoppar også hestekunnskapane til Anfinn Karlsen. Likvel gjer han for tida stor suksess på veddeløpsbana. For ein ting har Karlsen greie på, nemleg kva som skal til for å få ein hest til å yte det maksimale. Lønndomen er selolje, og no vil Karlsen at vidundermiddelet som har skapt så mange vinnarar i hestesporten, også skal hjelpe folk til eit sunnare, friskare og ikkje minst sprekare liv.

- Seloljen har vist seg å inneha heilt spesielle eigenskapar på grunn av den unike feittsyresamansetninga vi finn i sel-spekktet. At desse eigenskapane kan gjere underverk også med menneskekroppen, er solid dokumentert gjennom lengre tids forskning, fortel selgrunderen i Tjørvåg.

Seloljen, eller «Polarolje» som er merkenamnet, er laga av spekktet på yngre sel og kvaliteten er av det flottaste som finst. Til no har Karlsen importert selolje i bulk frå eit nytt canadisk raffineri, men han ser ikkje bort frå at det også kan bli aktuelt med eigenproduksjon.

## Konsummarknaden

Etter to år med satsing på hestar, vil Karlsen no satse for fullt på å få seloljen inn på konsummarknaden. Det blir lagt opp til salg både via postordre og direkte salg frå Polargodt As i Tjørvåg. Karlsen legg ikkje skjul på at han ser føre seg ein kjempemarknad på bakgrunn av dei uhyre interessante og direkte oppsiktsvekkjande resultatane frå forskning på seloljen sin innverknad på menneskekroppen.

## Mot leddplager

I hestesporten er sene- og leddplager eit problem som går igjen. Slike plager hadde også hesten Thai Record før han begynte å få selolje som tilskot til kosten.

- Etter fleire år med leddplager går formkurva no rett opp for Thai Record. Tilskot av Polarolje har gjeve hesten eit nytt liv. No tener han pengar på nesten kart einaste løp. Og det viktigaste av alt, hesten er i kjempeform, fortel Knut Hallvor Grønbekk, som er trenar for Thai Record.

Derby-vinnar Storm Jo er ein annan hest som har «gått på» selolje, og Karlsen kan vise til at sidan juni i år er det 17



seloljehestar som har vunne førstepremie.

Karlsen fortel at det er heilt utrulege resultat forskarane kan legge fram etter å ha testa

\* Anfinn Karlsen med Polarolje for hest, og Aina Djupvik med Polarolje for folk.

selolje på folk med leddplager og revmatiske lidningar. Psoriasis er ein annan sjukdom der seloljen har vist seg å gjere underverk.

- Vi snakkar her om den reine universaloljen, seier Karlsen om oljen som er like tyntflytande uansett temperatur.

Her ligg truleg mykje av forklaringa, i tillegg til den heilt spesielle feittsyresamansetninga ein finn i selspekktet.

Mot alle skeptikarane sine odds er Anfinn Karlsen godt igang med å gjere butikk av satsinga si på sel. Mest sving har han fått på å lage hundematt med selskrotten som råvare. Han har også jobba ein del med kjøtbiten, rett nok mest i samband med mark-

Selolje vil nok ikkje uklassse tran, men heller verte eit supplement.

- Begge produkta er veldig bra, men dei fungerer på litt ulike måtar, seier Frøyland, som vil halde fram med den interessante forskinga på selol-

nadsføring til no, men framover er det seloljen som kjem til å få den største fokuseringa.

## Starten på ny fangst

Spekk er det selen har mest av, og Karlsen har også god tru på at spekket kan bli den mest verdfulle delen takk vere forskarane sin innsats og resultatane dei kan legge fram. Eit gjennomslag for selprodukt på helsekostmarknaden vil kunne gi selspekktet det prismessige løftet som skal til for å gjere det lønsamt å drive selfangst utan at staten må inn med tilskot. Karlsen ser føre seg eit prispotensial for selspekktet opp imot 30 kroner, mot ei krone som spekket blir betalt med i dag.

- Berre prisen på råstoffet blir høg nok, vil fangsten kome av seg sjølv, seier Karlsen, som til no for det meste har stått åleine om selfangst og tru på at selfangst kan bli ei kommersiell næring igjen.

I den seinare tid har nemleg også store utanlandske selskapet teke til å vise interesse for

## Forskar Livar Frøyland:

# Stor tru på at selolje kan ha positiv effekt

Ved Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning i Bergen står selolje no i fokus. Forskar Livar Frøyland seier til Vestlandsnytt at han enda ikkje har vitskapleg dokumentasjon å legge fram. Men han får stadig positive tilbakemeldingar frå pasientar, og dette har gjeve forskarane stor tru på at selolje kan ha positiv effekt på menneskekroppen.

Frøyland seier at selolje, på same måte som tran frå fiskelever, er rik på Omega3. Effekten av dette stoffet er allereie godt dokumentert, og

seloljen kan dermed ikkje vere dårlegare enn tran.

Seloljen er likvel noko ulik tran i den forstand at den har ei noko anna oppbygging, og kan dermed også gi ein litt annan effekt. Ein prøver no å finne ut om dette har med strukturen å gjere.

Frøyland fortel om positive tilbakemeldingar frå folk med mage- og tarmlagar som har fått prøve selolje. Det same gjeld ikkje minst for folk med leddsmertor og plagsam eksem har også forsvunne.

På Haukeland blir det no

køyrd eit større prosjekt der ein ser på om selolje kan verke positivt på pasientar med psoriasis.

Når det gjeld seloljen si framtid på helsekostmarknaden, har den som det marine produktet det er ei begrensing med tanke på innhald av miljøgifter. Det er kjent at selen akkumulerer slike gifter i spekket, men ung sel har mindre av slikt enn eldre sel.

Viss oljen er rein for slike stoff, har Frøyland tru på at selolje kan ha ein sjanse på lik linje med andre produkt.

## Trudde Sunnfisk stod i full fyr:

# Ulovleg bålrensning kan ende med påtale

Sunnfisk kan få seg ein smekk etter at ulovleg bålrensning tysdag morgon førte til full utrykking av både brannvern og politi til bedriftsområdet i Fosnavåg. Lensmannsbetjent Alf Einar Sandvik seier han kjem til å melde forholdet, og

så blir det opp til påtalemakta å eventuelt kome med reaksjonar.

- Etter det vi har fått opplysningar om, er ikkje dette første gongen bedrifta har drive med brenning av avfall utan at det har vore innhenta løyve frå

brannvernet. Bedrifta skal ha fått gjentekne oppmodingar om å stoppe denne ulovlege aktiviteten, seier Sandvik, som meiner dette er skjerpande forhold.

Det var i seks-tida tysdag morgon alarmsentralen i Åle-

sund fekk melding om brann ved Sunnfisk. I mørkret var vedkomande som varsla ikkje istand til å sjå kva som brann. Slik det såg ut frå kjøkenglasaset kunne det like gjerne vere bygningar som stod i full fyr. Difor vart både brannvern og politi varsla.

Varabrannsjef Jon Rune Våge møtte sjølv opp saman med brannvernet og kunne konstatere at det ikkje var fyr andre plassar enn på den mykje brukte bålplassen bak bedrifta. Om bålet var nyleg påtænd, eller om det var eit bål som hadde blussa opp igjen, kan Våge ikkje seie noko om.

- Vi gjorde det vi kom for, og resten overlet vi til politiet som også møtte opp, seier Våge.

Våge kan vise til fleire episoder

dar der brannvernet har påtala den ulovlege aktiviteten med brenning av avfall ved same bedrifta. Men det er første gongen brenninga har resultert i full alarm og utrykking.

Etter brannføresegnene er all slik avfallsbrenning ulovleg med mindre det er innhenta løyve frå brannvernet. Dette forholdet meiner Våge bedrifta burde vere godt kjend med etter det som har vore av episodar tidlegare. Likevel har aktiviteten halde fram.

Ei slik full utrykking kostar ikkje så reinte lite, og Våge ser ikkje bort frå at bedrifta kan få presentert rekning for brannvernet sine kostnader med utrykkinga i morgontimane tysdag.

